



Kuf mähle

MINNETALE OVER PROFESSOR LEIF MAGNAR MÆHLE

holdt på møte
19. januar 2017

av professor Vigdis Ystad

Leif Magnar Mæhle vart fødd på garden Mæhle i Sunndalen 17. mai 1927 og døydde i Oslo 1. september 2016, 89 år gamal.

Skulelæraren i heimbygda, Per Hoel, kalla han jamnast for ”syttandemaiguten” når dei treftes.¹ Denne læraren var òg far til ei lita jente som seinare vart adjunkt og lærar. Som vaksen fekk ho namnet Tora Mæhle. Gjennom eigne yrkesaktive år stod ho alltid som ei humørfyllt, sterk og lojal støtte ved den travle ektemannens side. Tora og Leif Mæhle vart foreldre til fire born. Saman gjorde dei òg Mæhle-heimen til ein rik møtestad for grupper av studentar, hyggelege venelag og gode kollegiale samvær som mange ser attende på med stor takksemd.

At Leif Mæhle kom til verda på sjølve nasjonaldagen, verkar mest som eit førevarsel, for som vaksen kom han til å gjera arbeidet med norsk mål og norsk litteratur til ei livsoppgåve. I 1946 tok han artium som privatist frå Sunndalen private gymnas, ei utdanning igangsett av soknepresten, forfattaren og menneskerettstenkjaren Sigurd Opdahl. Det var han som ein stad skreiv at ”Et liv uten arbeid for den som er arbeidsfør, er ikke moralsk”.² Denne budskapet må den unge eleven hans snart ha gjort til sin eigen, for han har fortalt korleis han under arbeidet med å grase nepeåkeren på heimgarden gjerne stana etter kvar fure for å lesa litt norrønt, som førebuing til eksamen.³

1. Leif Mæhle: ”Slik var det om lag”. Upublisert manuskript [s.n.]
2. Sigurd Opdahl: *Hvordan bør jeg leve : en etikk*. Oslo, Forlaget Land og Kirke, 1952 s. 189.
3. Cecilie N. Seiness: «Med munn og mæle». Intervju med Leif Mæhle. *Dag og Tid* nr. 6, 1998, 5. februar 1998.

Frå Sunndalen gjekk vegen vidare til Universitetet i Oslo og eksamen i engelsk bifag. I 1950 tok Mæhle lærareksamen ved Oslo offentlige lærerskole og i 1951 heldt han fram med skulesonglærareksamen ved Musikk-konservatoriet, samstundes som han no hadde byrja hovudfagsstudiet i nordisk språk og litteratur. Mæhle vart cand.philol. frå Universitetet i Oslo i 1952 med ei hovudoppgåve om Ibsens rimteknikk, utgjeven som bok i 1955.⁴

Universitets- og læreår

Den første universitetsstillinga si hadde Mæhle i 1953–54 som norsk sendelektor ved Georg-August-Universität i Göttingen. Der sat han samstundes under litteraturteoretikaren Wolfgang Kayzers kateter, noko han seinare har sett som avgjerande for si eiga faglege utvikling.⁵ Lyrikk og poesi har ein sentral plass hjå Kayser, som ikkje let til å sjå noko avgjerande skilje mellom filologi og estetikk. Det faglege møtet med hans teoriar kom til å farge Mæhles eiga forskning og hans syn på poesi som den ypparste av all språkkunst.

Interessa for lyrikk vart styrkt i åra som fylgde. I sju år frå 1955 til 1962 hadde Mæhle stilling som sendelektor ved Lunds Universitet i Sverige. Her arbeidde òg den finlandssvenske litteraten, filosofen og estetikaren Hans Ruin.⁶ Ruins emosjonalistiske tilnærming til litteraturen var mellom anna inspirert av Henri Bergsons filosofi, av gestaltpsykologiens lære om mental organisering og av den franske kritikaren og litteraturhistorikaren Henri Bremonds syn på poesiens samband med djupare røyndomsdimensjonar. Mellom verka til Ruin fekk særleg *Poesiens mystik* (1935 og seinare utgåver) og *Det skönas förvandlingar* (1962) stor verknad. Begge gir lyrikken førarskapen mellom dei litterære genrane. Om desse bøkene har Mæhle sjølv sagt at dei "har hatt utruleg mykje å seia for meg i alt mitt seinare arbeid med litteratur. Desse bøkene må alltid vera innanfor ei hands rekkevidd når eg sit

4. Leif Mæhle: *Ibsens rimteknikk*. Oslo, Det Mallingske boktrykkeri 1955.

5. Cecilie N. Seiness: "Med munn og mæle". Intervju med Leif Mæhle. *Dag og Tid* nr. 6, 1998, 5. februar 1998.

6. Hans Ruin vart Fil.dr. ved Helsingfors universitet 1923 og var i 1927–44 dosent i litteratur- og kunstpsykologi ved same universitet. I 1945 vart han utnemnd som professor i filosofi ved Åbo akademi. Han var dosent i estetikk ved Lunds universitet i åra 1945–61. Ruin har ein omfattande vitskapeleg og essayistisk forfatterskap.

ved skrivebordet”.⁷ Det verkar merkeleg lagnadstungt at desse åndsfrændane i dei seinaste leveåra sine begge skulle verta sterkt plaga av Parkinsons sjukdom.⁸

Åra i Lund gjorde Mæhle til ein kjennar av svensk lyrisk modernisme. Samstundes gav dei han varige impulsar til det seinare arbeidet hans med norsk lyrikk. Inspirasjonen frå Ruin kjem klårt fram i doktoravhandlinga *Vegen til varden : Ein studie i Olav Aukrusts dikting* (1968).⁹ Eit hovudkapittel i avhandlinga gjeld det såkalte emne-motivet hjå Aukrust, som han ser som tematisk uttrykk for ein immanent finalitetstendens i livet og den ytre verda. Slik knyter det seg naturleg til ein religiøs grunntanke hjå diktaren og bær bod om eit verds- og menneskebilete fylt av djup idealitet.

Det store arbeidet om Aukrust var det førebels siste av ei lang rad publikasjonar som vart til under nokre forrykande travle år. I 1962 hadde Mæhle vendt attende til Universitetet i Oslo som universitetsstipendiat, ei stilling han heldt til han i 1965 vart universitetslektor i nordisk litteratur.

Samstundes med aukande studenttal og store undervisingsbører kom det no nærast årvisst ut bøker frå hans hand. I 1964 redigerte han ei rad nordiske studentoppgåver under tittelen *Ei bok om Tarjei Vesaas*.¹⁰ Året etter (1965) utgav han to antologiar med tekstar av diktarane Olav Aukrust¹¹ og Kristofer Uppdal.¹² I 1967 fylgde *Frå bygda til verda : Studiar i nynorsk 1900-talsdikting*.¹³ I store artiklar om forfattarane Tore Ørjasæter, Kristofer Uppdal, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Tor Jonsson kombinerer Mæhle her relevant biografisk materiale med analysar av sentrale tekstar.

7. Leif Mæhle: "Minne og inntrykk frå samvær med Hans Ruin i Lund og refleksjonar omkring kapittel i *Poesiens mystik og Det skönas förvandlingar*". Upublisert manuskript til føredrag på eit Granavollen-seminar om Hans Ruin, 5.-7. november 1999, s. 1.
8. Thomas Ek: *En människas uttryck : studier i Hans Ruins självbiografiska essästik*. Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland, nr. 657. Helsingfors 2003, s. 40.
9. Leif Mæhle: *Vegen til varden : ein studie i Olav Aukrusts dikting*. Oslo, Det Norske Samlaget 1968.
10. Leif Mæhle (red.): *Ei bok om Tarjei Vesaas : Av ti nordiske studentar*. Oslo, Det Norske Samlaget 1964.
11. Leif Mæhle (red.): *Skaldespor : Artiklar – Talar – Brev – Dikt*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag 1965.
12. Leif Mæhle (red.): *Kristofer Uppdal : Om dikting og diktarar : Litterære artiklar i utval med etterord*. Oslo, Det Norske Samlaget 1965.
13. Leif Mæhle: *Frå bygda til verda : Studiar i nynorsk 1900-talsdikting*. Oslo, Det Norske Samlaget 1967.

Som om alt dette ikkje var nok, grunnla han i året 1966 den viktige publikasjonen *Norsk litterær årbok*, der han sjølv sat som redaktør i 22 år, fram til 1988. Karakteristisk nok var opningsessayet i den første årgangen av dette skriftet eit verk redaktøren sjølv hadde tinga frå Hans Ruin, ”Konsten att läsa och konsten att dikta”.¹⁴ Årboka inneheldt artiklar om norsk og nordisk litteratur. I tillegg hadde kvart nummer ein bibliografi over årets artiklar og avhandlingar innan det internasjonale fagområdet nordisk litteratur. Før dataalderen må ei slik registrering av forskingsbidrag verda over ha kravd ein uvanleg omfattande arbeidsinnsats, og sjølv om han hadde hjelp av ein redaksjonssekretær, er det vanskeleg å skjønna korleis Mæhle makta dette på toppen av andre oppgåver. Ein av sønene hans har rett nok fortalt at han var lite tilsnakkande medan han sat med dette arbeidet. Bibliografien i *Norsk litterær årbok* vart frå første stund ein umisteleg reiskap for alle som arbeidde med faget nordisk litteratur.

Professor og språkrøktar

I 1969 vart Mæhle utnemnd til professor i nordisk, særleg nynorsk litteratur. Sjølv om han no ”berre” vart professor i litteratur, tok han likevel unemnd på seg noko av det ansvaret føregjengarane hans i embetet òg hadde hatt for nynorsk målbruk.¹⁵ Etter hans syn var det like viktig med ein nasjonal tale-

14. Hans Ruin: ”Konsten att läsa och konstan att dikta”. *Norsk litterær årbok* 1966. Oslo, Det Norske Samlaget s. 11–17. Artikkelen var ei bestilling : Sjå Leif Mæhle: ”Minne og inntrykk frå samvær med Hans Ruin i Lund og refleksjonar omkring kapittel i *Poesiens mystikk og Det skönas förvandlingar*”. Upublisert manuskript til føredrag på eit Granavollen-seminar om Hans Ruin, 5.–7. november 1999, s. 6.

15. Universitetet i Oslo har hatt i alt tre professorar i eit embete som ikkje lenger finst – det såkalla nynorskprofessoratet. Både nemninga på embetet og fagområdet det skulle dekke endra seg mykje gjennom tidene. Noko av bakgrunnen er som fylgjer: 1909 vart folkloristen Knut Liestøl utnemnd i eit nyoppretta dosentur i *landsmål*. Då Liestøl i 1917 gjekk over i eit anna embete, vart Olav Midttun utnemnd som etterfylgjaren hans. I 1934 vart Midttun riksprogramsjef i Norsk Rikskringkasting. Det dåverande Kongelige Frederiks Universitet lyste då ut stillinga etter han som eit dosentur i *nynorsk*. Framleis var altså dette ei reint språkleg stilling, der etnologen og folkloristen Nils Lied vart utnemnd frå 1. april 1935. På grunn av Lieds faglege orientering vart dosenturet hans i 1940 omgjort til eit professorat i folkelivsgranskning. Dermed kom dosenturet i nynorsk atter til å stå ledig.

Hausten 1940 suspenderte dei nye makthavarane i Noreg Olav Midttun frå stillinga som kringkastingsjef. Fungerande dekan ved det dåverande Historisk-filosofiske fakultet, Francis Bull, føreslo då å gjera om det ledige dosenturet i nynorsk til

målsnorm for nynorsken som for bokmålet, og eit slikt standardisert nynorsk talemål nytta han også sjølv.¹⁶ I gravferda hans fortalde ein av sønene at då eit av barnebarna i ein disputt med norsklæraren sin heldt fram at det verkeleg *fantest* eit nynorsk standard-talemål, fekk ho som svar at det kunne nok hende, men det var berre ein mann i Noreg som tala det, og han heitte Leif Mæhle.

Mæhle har vore kalla ”Nynorskens grå eminense”¹⁷, og det hadde vel sine grunnar: I åra 1972–81 sat han som nynorskrepresentant i Norsk språkråd, der han vekselvis var leiar og nestleiar. Då Nordisk Ministerråd i 1978 oppretta Nordisk språksekretariat, vart Mæhle også Norsk Språkråds representant her og sat i åra 1978–88 som styremedlem i dette organet. Vidare var han medlem av Rådet for Norsk Ordbok og frå 1972–81 styreleiar i Det Norske Samlaget (der han i 1982 dessutan vart utnemnd til æresmedlem).

eit professorat i *nynorsk dikting og målbruk*, og slik gjekk det. Midttun kunne hausten 1940 vende attende til den institusjonen som i mellomtida hadde endra namn til Universitetet i Oslo. Men nå var han professor i eit *nytt* fag som omfatta både språk og litteratur. I den minnetalen Leif Mæhle i 1976 heldt over Johs. A. Dale i Det Norske Videnskaps-Akademi kalla han nemninga ”nynorsk dikting og målbruk” for ein noko særmerkt tittel som var ”utforma like mykje med tanke på Olav Midttun som på sjølve embetet”. (Leif Mæhle: ”Minnetale over professor dr.philos. Johs. A. Dale halden i møte i den historisk-filosofiske klasse den 20. februar 1976”. *Det Norske Videnskaps-Akademi. Årbok* [1976], Oslo, Universitetsforlaget 1977, s. 97. Heile artikkelen same stad s. 93–103.) I dette minneordet gir Mæhle òg eit oversyn over utviklinga av embetet og nokre av endringane for fagområdet det skulle dekke, men han går ikkje inn på nemninga for det professoratet han sjølv vart utnemnd i.)

Med eit nytt avbrot som kringkastingssjef i åra 1945–47 sat Midttun i nynorskprofessoratet til han gjekk av for aldersgrensa i 1953. Etter han vart Johs. A. Dale i 1955 utnemnd i embetet. No hadde det fått den utvida nemninga *nordisk, særleg nynorsk litteratur og nynorsk målbruk*.

Etter Dales avgang for aldersgrensa i 1967 vart stillinga utlyst på ny, men denne gongen som eit *professorat i nordisk, særleg nynorsk litteratur*. Med det hadde stillinga gått over frå å vera reint språkleg til å verta reint litterær. Det var i dette embetet Leif Magnar Mæhle vart utnemnd i 1969. Mæhle sette ”krona på verket” ved å sitje i embetet i halve den tida det eksisterte. Etter at han i 1997 gjekk av ved oppnådd aldersgrense, kom ingen etterfylgjar.

16. ”[O]m nynorsken skal eksistere som eit nasjonalspråk og ikkje berre som ein skriftnormal, trur eg òg det er viktig at ein har ein tala normal i organ som til dømes kringkasting og teater” (Leif Mæhle i intervju med Halldis Nergård Juul: ”Formannen i Språkrådet vil stå fritt: – Må få slutt på det språklege embetsmannsveldet her i landet!”, *Nationen* 1. februar 1977).
17. Marit Bore: ”Nynorskens grå eminense i Noreg fyller 50 år: ’Diktinga er framleis ei makt i samfunnet’”. Intervju med Leif Mæhle. Oslo, *Vårt Land* 14. mai 1977.

I nær på tretti år (1968–1997) var han dessutan språkkonsulent ved Det Norske Teatret.

I språkrådet arbeidde han for ei fast skriftnorm utan for mange sideformer¹⁸, og ved teatret såg han det som ei oppgåve å halde oppe eit normgivande talemål bygd på nynorsk skriftnormal, saman med ordval og bøyingsformer frå norsk talemål. Men språkleg purist var han ikkje. Eit nynorsk normaltalemål kunne for han vera både eit klassisk-tradisjonelt språk og ein meir dialektnær replikkrealisme, og den austnorske varianten av nynorsk talemål var for han like god som den vestnorske.¹⁹

Universitetslæraren og kulturarbeidaren

Universitetslæraren Mæhle var ein avhalden og klok pedagog som visste at fag og liv høyrer saman. Ei slik både sosialt og fagleg samlande rolle spela han òg for kollegaene sine. I dagelivet ved instituttet var Leif alltid bergfast til stades, stø og påliteleg, grundig i alt han gjorde og aldri redd for å ta på seg oppgåver og plikter. Dessutan kom han gjerne med kloke og konstruktive kommentarar til det kollegaene arbeidde med – for det interesserte han både som fagmann og menneske. Ikkje alle er like dyktige til å gi slike tilbagemeldinger.

Interessa hans for fagleg samarbeid strekte seg dessutan langt ut over instituttgrensene. Han var flittig med i dei internasjonale konferansane i regi av International Association of Scandinavian Studies (IASS), der han i 1980 vart vald til organisasjonens ”Treasurer” eller ”Skattmeister”, slik han sjølv helst lika å kalla det, eit tillitsverv han hadde til han i 1994 trekte seg etter fjorten års teneste.

Lista over andre verv og oppdrag med tilknytning til norsk og nordisk språk og litteratur er omfattande. I perioden 1966–71 var Mæhle styremedlem i norsk litteraturkritikarlag, og i åra 1970–84 sat han som medlem av Den norske forfatterforenings litterære råd. Samstundes var han i perioden 1972–81 medlem av juryen for Nordisk råds litteraturpris. I åra 1983–91 var han ordførar i For-

18. ”Eg ser det som ein katastrofe for det norske målet dersom den støe norma vi har i dag skal brytast opp”. (Leif Mæhle i intervju med Olav Kobbeltvedt: ”Professor Leif Mæhle åtvarar nynorskfolket: Katastrofe for nynorsken om vi bryt opp normalen”. *Bergens Tidende*, 11. november 1982.

19. Leif Mæhle: ”Nynorsk scenemål og Det Norske Teatret”. I: Leif Mæhle (red.): *Det Norske Teatret 75 år : 1963–1988*. Oslo, Det Norske Samlaget 1988, s. 378–96.

eningen Nordens representantskap, og frå 1992 fram til og med 2001 var han medlem av Svenska Akademiens priskomit  for den norske Dobloug-prisen.

Forskaren

Forskaren Leif M hle kan verka samansett; han var p  ein og same gong formalist og kjenslemenneske. Vil ein vera meir objektiv kan ein, som Otto Hageberg i artikkelen om han i *Norsk biografisk leksikon*, seia at det var samspelet mellom formelle og tematiske element i diktinga som kalla p  den s rlege interessa hans.²⁰

P  den eine sida har M hle gjeve oss viktige bidrag innan noko s  regelstyrt som versl re, metrikk og rimteknikk. Studiet av verskunst ligg p  grensa mellom spr kvitskap og litteraturvitskap og krev ei objektiv kartlegging av ein spr kfunksjon der b de meiningsinnhaldet og faste spr klege og lydlege m nster er viktig. Men samstundes kunne M hle n rme seg ord og dikt ut fr  eit fenomenologisk grunnsyn der han fekk sterke estetiske opplevingar ved   lesa tekstane ut fr  si eiga f rforst nding av dei som litter re uttrykk.

Det endelege m let med dei litter re studiane til M hle var alltid   finna fram til noko s  lite handfast som poesien sin innarste vesen – eller, med Hans Ruins nemning: ”poesien sin mystikk”. Difor kunne han  g vera kritisk til ein s  framifr  versifikator som Ibsen, som etter M hles syn ikkje kunne kallast nokon stor lyrikar av di han la st rre vekt p  tankerim og logisk og intellektuelt innhald enn p  ein syntese av intellekt, vellyd og kjensler.²¹

M hles sans for det handfaste var likevel ei viktig og skapande side ved han som forskar, og kom til uttrykk b de i Ibsen-avhandlinga og i den omfattande studien ”Heiderspris eller arbeidsl n” fr  1983, der han tok for seg striden i Stortinget om diktargasjane gjennom dei hundre  ra denne ordninga stod ved lag.²² Referata fr  og analysane av stortingsdebattane er eksakte og objektive, og f r godt fram korleis argumentasjonen ofte bygde p  reint ikkje-

20. Otto Hageberg: ”Leif M hle”. Artikkel i *Norsk biografisk leksikon*, https://nbl.snl.no/Leif_M%C3%A6hle, lest 9. januar 2017 kl. 16.15.

21. Leif M hle: *Ibsens rimteknikk*. Oslo, Det mallingske boktrykkeri, 1955, s. 126.

22. Leif M hle: ”Heiderspris eller arbeidsl n? Fr  striden i Stortinget om diktargasjane”. F redrag i Det Norske Videnskaps-Akademi 1. november 1983. Publisert i *Norskkrift : Arbeidsskrift for nordisk spr k og litteratur* 1984, Oslo, Institutt for nordisk spr k og litteratur, Universitetet i Oslo, 1984, s. 1–31. Ogs  i * rbok 1983. Det Norske Videnskaps-Akademi*, Oslo, Det Norske Videnskaps-Akademi 1986, s. 107–24.

litterære kriterium. Trass sin eigen objektivitet ser likevel ikkje Mæhle ut til å ha mykje imot at han både direkte og meir indirekte kjem til å vise korleis tingmennene ikkje alltid synest vera dei rette til å vurdera litterær kvalitet.

Heilt annleis er ein studie frå 1996, ”Når kunstarter møtest – Lyrikk og musikk”.²³ Der kjem den musikalsk og fenomenologisk innstilte Mæhle til ordes. Tydeleg inspirert av Hans Ruins tankar om at ein kjem det sjelelege aller nærast i musikken²⁴, går Mæhle samstundes med kritisk distanse inn på det han ser som den uoppnåelege draumen hjå mange lyrikarar om å frigjera diktarordet frå eit prosaisk, materielt og semantisk innhald ved å gjera poesien meir lik musikalske klangar og strukturar. Men etter hans eige syn kan lyrikk aldri verta rein musikk. Velklangen åleine er aldri nok. Eufonien må spela på lag med språkleg innhald; poesien kan aldri lausriva seg heilt frå det stofflege og verta rein abstraksjon.

Oppfattinga hans av at både det formelle og det kjenslevert gåtefulle er naudsynte kjenneteikn ved god poesi kjem til uttrykk både i doktoravhandlinga og i ei rad seinare større arbeid frå hans hand, ikkje minst i monografiane *Tore Ørjasæter – den rotfaste fararen* frå 1986²⁵ og *Fann eg dei stigar – Vandringar i Aslaug Vaas dikting* frå 2001.²⁶ Også i desse verka ser han det språklege og det litterære som ein einskap. Framstillinga sameinar biografi, psykologi, språkleg-stilistisk og litterær analyse til fullstendige og fornyande forfattarportrett.

Akademimedlemet

Leif Mæhle vart innvald i Det Norske Videnskaps-Akademi i 1975. I dei elleve åra frå 1986 til han i 1997 valde å trekke seg, tente han som akademiets generalsekretær. Mæhle var alltid like pliktoppfyllande og medveten om så vel formelle som andre krav til embetet. Eit teikn på dette var det manu-

23. ”Når kunstarter møtest. Lyrikk og musikk”. Radioføredrag i NRK P2 15.7.1995. Trykt i *P2-akademiet, bind F*, Oslo, Kulturredaksjonen NRK P2, 1996, s 126–37.

24. Jf. kva Ruin skriv i artikkelen i NLÅ 1966 s. 11–17: ”Förutskickas bör dock att jag med konsten att läsa närmast avser läsning av konstnärlig text, med konsten att dikta närmast skapandet av lyrisk dikt” (*Norsk litterær årbok*, Oslo, Det norske samlaget 1966, s. 11). I same artikkel skriv Ruin òg at ”En bok är ett musikstycke. Dess takt kan inte påskyndas utan att hela tonskapelsens mening och art förvandlas” [*op.cit.* s. 13].

25. Leif Mæhle: *Tore Ørjasæter: – den rotfaste fararen* –, Oslo, Det Norske Samlaget 1986.

26. Leif Mæhle: *‘Fann eg dei stigar’: vandringar i Aslaug Vaas dikting*. Oslo, Aschehoug forlag 2001.

skriptet han alltid bar med seg i dokumentmappa når han gjekk til akademi-møta. Med åra vart kanskje papira litt rufsete i kantane, for dei låg no der, og kom aldri i bruk. Men skulle det ha hendt noko så uventa som at kveldens føredragshaldar melde forfall, ville generalsekretær Mæhle stått klar med eit alternativ. Det må ein kalla å vera framtenkt.

Mæhle var stolt av huset og miljøet i akademiet, og kjente kulturhistoria bak det staselege akademibygget til minste detalj. Han var ein sterk tradisjonsberar og ivaretok sjølv tradisjonane i akademiet med fast hand. Det tydde også at ein ved middagane alltid kunne vera viss på å få napoleonskake til dessert. Som administrator var han korrekt og representativ, men samstundes venleg, open og imøtekomande, med omsorg for staben og alt som skjedde i huset. Som generalsekretær var han òg oppteken av akademiets omdøme og innverknad i norsk og internasjonal forskingssamanheng. Han dyrka relasjonane til andre nordiske og europeiske akademi flittig. Dessutan støtta han heilhjarta opp under etableringa og drifta av Senter for høyerer studier (seinare kalla Senter for grunnforskning) etter at dette senteret vart skipa i 1992.

I tillegg til medlemskapen sin i Det Norske Videnskaps-Akademi vart Mæhle i 1986 kalla til heidersmedlem av Svenska litteratursällskapet i Finland. Han var dessutan frå 1987 medlem av Kungliga Vetenskaps- och Vitterhetssamhället i Göteborg, frå 1991 medlem av Det Kongelige Danske Videnskabers Selskab og frå 1992 medlem av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.

Innsatsen hans for nordisk språksamarbeid vart i 1995 heidra med tildeinga av Jacob Lettersteds nordiska förtjänstmedalj.

Sluttord

Den siste boka Mæhle gav ut kom i 2009 og ber tittelen *Diktarar på leiting : Litterære studiar og artiklar*.²⁷ Emna spenner vidt, frå Snorres historie om Olav den heilages visjon før slaget på Stiklestad, til fuglespråket og diktarordet hjå Tarjei Vesaas. Boka inneheld òg ein artikkel om eit av Olav Aasmundsson Vinjes mest kjende dikt, ”Ved Rundarne”, som målber den sterke opplevinga av fjellnaturen i Midt-Noreg under diktarens vandring til kroningsbyen Trondhjem i 1860. Dette landskapet grensar til Leif Mæhles barn-domstrakter i Sunndalen, og slik kan Vinjes skildring ha tala særleg sterkt

27. Leif Mæhle: *Diktarar på leiting : litterære studiar og artiklar*. Oslo, Novus forlag 2009.

til han. Han les teksten som uttrykk for ei vemodsfylt gjenkjenningsglede der minna om barndom og fortid forsonar ein med nåtida og skapar ro og trøyst før den ”siste Svevn”. Eit sitat frå dette diktet står òg som devise på tittelbladet: «Eg finner vel eit Hus, som vil meg hysa, / naar Soli heim til Notti vil meg lysa.»²⁸

Med desse orda frå ein av våre store lyrikarar er det som om Leif Mæhle sender ein avskiltsbodskap til alle som gjennom mange og rike år var så heldige å få vera hans vener og kollegaer. Me takkar for alt han har gjeve oss og lyser fred over Leif Mæhles minne.

Bibliografi over Leif Mæhles skrifter fram til og med 1996: Sjå Liv Bliksrud og Vigdis Ystad (red.): *Hugbod: Heidersskrift til Leif Mæhle på 70-årsdagen*. Oslo, Det Norske Samlaget 1997, s. 289–303.

Om seinare publikasjonar: sjå opplysingar i minneordet ovanfor.

28. Diktet vart første gongen prenta i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, Dette verket kom då ut som to tilleggshäfte til Vinjes vekeblad *Dølen*, første hefte som *Dølen* nr. 34, 2. februar 1861, det andre midt i juni 1861. Begge hefta vart prenta hjå Bergh & Ellefsen i Christiania. Første samla bokutgåve av verket kom ut ti år seinare, i Kristiania [sic], Det Norske Samlaget (1871).

Dei verslinene som er siterte på tittelbladet i Mæhles bok er avslutningsversa i andre strofe av diktet (som i alt har fire strofer). Diktet stod i det første av dei to tilleggshæfta av *Dølen*, i stykket med tittelen ”Huldra”. Verslinene lyder slik i originalen:

Eg finner vel eit Hus, som vil meg hysa,
naar Soli heim mot Notti vil meg lysa.

(Her sitert etter Reidar Djupedal (utg.): Aasmund Olavsson Vinje: *Dølen : Eit Vikublad*. Tillegget 1860–61. Band IV. Oslo, Noregs Boklag 1973, s. 64).

